



Møteprotokoll

Utval	Administrasjonsutval
Møtestad	Rådhuset
Dato	13.05.2026
Tidspunkt	kl 08:30 - 09:15

Frammøtte	Parti	
Grete Ulviksbakken		Arbeidstakarrepresentant
Svein Bjarne Steig		Arbeidstakarrepresentant
Gunn Beate Thorsnes Lefdal	AP	Arbeidsgjevarrepresentant
Geir Arve Sandvik	H	Arbeidsgjevarrepresentant
Andreas Wollnick Wiese	SP	Arbeidsgjevarrepresentant

Andre som møtte:

Kommunedirektør Jon Bolstad.

Underskrifter:

Grete Ulviksbakken

Gunn Beate Thorsnes Lefdal

Andreas Wollnick Wiese
leiar

Jon Bolstad
kommunedirektør

Saksliste

Saknr	Sakstittel
01/26	Konstituering av møte
02/26	Orienteringssak: møteprotokoll frå sist møte
03/26	Reviderte retningslinjer for varsling av kritikkverdige forhold på arbeidsplassen - Luster kommune
04/26	Orienteringar, drøftingar og open post

01/26 Konstituering av møte

Administrasjonsutval 13.05.2026

Handsaming

- Opprop, alle møtte.
- Innkalling, sakliste og dagsorden vart godkjende.
- Grete Ulviksbakken og Gunn Beate T Lefdal vart føreslegne til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte. *Dei vart samrøystes valde.*

ADU - 01/26 vedtak

Grete Ulviksbakken og Gunn Beate T Lefdal vert valde til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte.

02/26 Orienteringssak: møteprotokoll frå sist møte

Administrasjonsutval 13.05.2026

Handsaming

Det var ikkje merknad til protokoll frå sist møte.

ADU - 02/26 vedtak

Protokoll frå sist møte, den 3.12.26 vert referert utan merknader.

03/26 Reviderte retningslinjer for varsling av kritikkverdige forhold på arbeidsplassen - Luster kommune

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Administrasjonsutvalet vedtek "Retningslinjer for varsling av kritikkverdige forhold", slik dei er lagde fram i vedlegg 1 datert 5.5.2026.
2. Retningslinjene trer i kraft straks og erstattar tidlegare rutinar.
3. Retningslinjene skal gjerast lett tilgjengelege på kommunen sitt intranett og i kvalitetssystemet.

Administrasjonsutval 13.05.2026

Handsaming

I 2015 vart retningslinjene slutthandsama av administrasjonsutvalet. KS har i ny rettleiar anbefalt at kommunestyra handsamar retningslinjene. Administrasjonsutvalet ønskjer saka sendt vidare til kommunestyret for slutthandsaming, og framlegget til vedtak vert endra tilsvarande.

Framlegg frå Grete Ulviksbakken om at varsling på øverste leiar skal handsamast av eksternt varslingsmottak (advokatfirma).

Framlegget til Ulviksbakken blei teken opp til røysting og fekk 2 røyster (Ulviksbakken og Steig) og fall. Ein støttar likevel behovet for dei reviderte retningslinjene.

ADU - 03/26 vedtak

1. Kommunestyret vedtek "Retningslinjer for varsling av kritikkverdige forhold", slik dei er lagde fram i vedlegg 1.
2. Retningslinjene trer i kraft straks og erstattar tidlegare rutinar.
3. Retningslinjene skal gjerast lett tilgjengelege på kommunen sitt intranett og i kvalitetssystemet.

04/26 Orienteringar, drøftingar og open post

Administrasjonsutval 13.05.2026

Handsaming

Kommunedirektør orienterte om organisatoriske justeringar i sentraladministrative funksjonar:

Drøftingar gjennomført vedrørande nye funksjonar i plan og forvaltning (vertskommunesamarbeid Kart, oppmåling og GIS), og det blir etablert eit nytt leiarnivå. Organisering av oppvekst, kultur og folkehelse blei kort kommentert i høve til utlysing av stilling som fagleiar for kultur.

Det blei til slutt informert om prosess rundt evt endra organisering av økonomiområdet etter gjennomført drøfting 5.5.2026.

Grete Ulviksbakken hadde formidla informasjon/innspel frå tilsette i økonomi til medlemmane i administrasjonsutvalet pr epost før møtet. Innspela vert arkivert på saka som gjeld org.endringar for økonomiavdelinga.

Det er prosessar vedrørande kommunikasjon og driftsstøtte som ikkje er slutført.

ADU - 04/26 vedtak

Orienteringane vert tekne til vitande.